
KJETIL A. FLATIN:

# „Rokkerova“

Ei ættesogu fraa
- Telemarki -



Skien :: Utgjeve av L.l. „Norig“ :: 1917


Nasjonalbiblioteket
Avdeling Oslo



85GA10446

KJETIL A. FLATIN:

# Folkeminne fraa Telemarki.

II

„Rokkerova“.



Ketil Flatin.

KJETIL A. FLATIN:

# „Rokkerova".

## Ei ættesogu fraa Telemarki.

Gjenomarbeidt og umvølt

av

TOV FLATIN.

Med bilæte og ei livsskildring av bokskrivaren

ved

ANTON AURE.

Skien.
Utgjeve av L.l. „Norig"
1917.

„Norig“s prenteverk.

# Kjetil A. Flatin

Av Anton Aure

Han var ikkje so svært mykje kjend utanfyre Telemarki, og det var kanskje dei færraste telemarkingar au som gav noko større gaum paa arbeidet hans. Og likevel gjorde han eit samlararbeid som vil hava stort verd, og som nok vil verta paaskyna i framtidi.

Difor kjendest det so saart for alle oss, som hadde lese segnsamlingarne hans og fylgt arbeidet hans med forvitne, daa me i fjor sumar frette at han ikkje var meir.

Det var ein saknaddaude; for han aatte granskargivnad og den rette hug og trott som trengst til eit sovore samlararbeid. Diverre var ikkje livskaari soleis for honom at han fekk nytta heilt ut dei gaavor han hadde.

Den lærdomen han trong laut han slita seg til paa eigi hand, og difor var han lenge ustød baade i forteljemaaten og jamvel i ortografien. Men han hadde eit godt byg-

demaal aa byggja paa, og no saag det ut til han endeleg hadde vunne fram til ei klaar og god attergjeving av dei gamle sogur og segner — ein forteljemaate som var hans eigen.

I den seinste tidi hadde han elles lagt seg mest etter ættegransking, og her kunde han visseleg gjort eit framifraa arbeid um ikkje dauden so braatt hadde rive honom burt.

At han aatte ein sergivnad til sovore er „Rokkerova“ eit sers godt vitnemaal um. Denne ættesoga stend etter mi meining høgt. Traadarne er godt samantvinna og alt er lagt so klaart fram at du lærer aa kjenna desse folki utruleg vel, og alle dei smaa segner og hermor som er innflette gjer heile boki sers forvitneleg aa lesa.

Og det var nok ikkje berre Roch-ætti han hadde granska. Broren, lærar Flatin, segjer at „utan aa leggje nokon brorskap i det, trur eg, eg torer segja at kanskje ingen kjende so væl til dei gamle ættine i Telemarki og serleg i Seljord som han“. Men det meste av dette fekk han diverre ikkje tid til aa skriva upp.

Livedagen vart for stutt, og einslungen var han, so det er ingi store hendingar aa fortelja. Han laut slita tungt for livemaaten og trongt og smaatt var det for honom, so

det er underlegt at han fekk skriva so mykje som han gjorde. Men hugen dreiv, og han nøytte stunderne vel.

*Kjetil Aslakson Flatin* vart fødd i i Seljord 11. juli 1881. Foreldri hadde ein liten gardpart paa Flatin. Fraa han var so stor at han kunde gjera noko gagn for seg, var han burte hjaa framande og gjætte um sumaren, men um vetteren var han heime.

I framslengsaari og utetter var det hans høgste draum aa verta lærar. Han gjekk eit par vetrar paa Telemarks folkehøgskule, og han vilde gjerne koma seg inn paa lærarskulen. Men pengespursmaalet la seg allstødt i vegen. Foreldri var fatige og han hadde ingen aa hjelpa seg.

Baade i uppvokstren og sidan var han still av seg. Han lika seg best heime i den vesle stova i samrøde med far og mor, eller med bøkerne sine. Han lasmykje; men kjæraste lesnaden hans var soga. Og naar han las pløgde han djupt og grundigt. „Hovedstrømninger" av Georg Brandes kunde han visst mest utanaat.

Folkediktingi var han umframt glad i, so han tykte det var det hugnadsamaste han kunde lesa. Og til aa fortelja ei soga var han ein meister.

Alt tidleg tok han au til aa skriva upp folkeminne. Smaasegner og stubbar som

mor hans fortalde honom, skreiv han upp longe fyrr han gjekk for presten, og etter kvart som aari gjekk voks samlarhugen. Det var ikkje smaating alt det han fekk skrive upp; men det gjekk traatt aa faa noko utgjeve av det. Folkeminnebøker er ikkje av dei som løner seg, maavita; for endaa er det ikkje mange som bryr seg so mykje um desse skattarne at dei kauper sovorne bøker.

I 1912 gjekk „*Trolldom og Tussar. Gamalt fraa Telemark I*“ til utklipp i Skiensbladet „Telefylket“. Det var ei bok paa 177 sidor, og ho inneheldt ei mengd med forvitnelege segner. I fyrste bolken er det helst um trollkjerringar og andre som driv med svarte konster. Andre bolken fortel um tussar og huldrar.

Boki syner oss so mykje av den gamle ovtrui millom folk, at ho er eit heilt lite kulturbilæte. I skrivemaaten er han ustød, og so kryr det reint av prentevillor. Men ein kan ikkje vente det betre naar ein riksmaalsbladstyrar skal lesa korrektur.

Aaret etter byrja „*Trolldom og Tussar. Gamalt fraa Telemark II*“ til utklipp i same bladet.

Men det kom berre 32 sidor, daa bladet ikkje heldt seg etter avtala. Manuskriptet var ferdugt. Det var elles tanken hans

aa faa ut desse samlingarne i bok, men han fann ingen bokreidar som vaaga det.

I 1918 sende han ut paa eigen kostnad „*Gamle hermennar fraa Telemork*". (158 sidor). Det er som ein skynar sogor um telemarkingar som laag ute i krigen 1808—14. Daa eg fekk den boki hadde eg aldri vore i Telemark og kjende ikkje noko til gardar og ætter der; men likevel las eg heile boki med stor forvitne. For denne boki er au so isprengd med smaasegner um desse hermennerne og gode hermor etter deim, at ein med likso stor rett kan rekna ho for ei folkeminnebok som ei hermannssoga.

Ein skulde tru at dette var ei bok som telemarkingar mannjamt vilde kaupa; men endaa Seljord sparebank gav honom 200 kr. til utgjevingi, tapte han berre pengar paa boki. Mykje ligg enno uselt.

Paa nyaaret 1916 tok „Norig" til med eit utklippsbok „*Folk fraa gamle dagar*" av Kjetil A. Flatin. Men det vart stogg daa han døydde, so det kom berre 44 sidor. Det er mest um gamle ætter fraa Telemarki. Broren Tov Flatin vil no stella noko med denne samlingi og skipa allting betre til, og daa lyt ein freista faa det ut i bok.

Elles er det fleire samlingar etter honom som aldri hev vore prenta, og mykje

av det vil ha sitt sitt store verd, kanskje aller mest for Seljord-soga. Kjetil var med i den nemndi som heradstyre hadde valt til aa skriva bygdesoga for Seljord.

Dei tri seinste aari hadde han eit lite stipendium av universitetet til aa granska gamle Telemarksætter. Men det siste stipendiet fekk han ikkje nytta.

Han skreiv ogso ymse dikt som var prenta i Skiensbladi i aari fraa 1900 og utetter.

I 1909 vart han gift med Dordi Hallvardsdotter Aadalen i Seljord. Dei hadde 4 born.

Aaret fyrr han døydde vart han fast tilsett som lærar i Seljord. Han hadde elles mange aar vore vikar av og til i dei verste avkrokarne i bygdi. Kanhenda dei tronge kaar og det tunge slitet hev hjelpt til aa brjota honom ned so sjukdomen (tæring) tok reint yverhand. Han døydde 16. juni 1916.

Han kunde vera braa og hardlynd naar han møtte motburd; men elles var han hjartegod og heimkjær som faa. Han heldt fast paa sine meininger og var trufast mot sine ideal. All sin dag var han maalmann og vinstremann.


For nokre aar sidan baud socialistarne honom eit rom i Seljord heradstyre um han

vilde gange med deim; men nei, han var vinstremann.

Det djupaste draget i hugen hans var religiøst. I gjenom alt kav og all strid skein ei barnetrygg tru paa at Gud lagar alt til det beste. Daa han laag sjuk skreiv han:

Naar Gud vil med oss vera,
daa lagast alt so væl,
og han vil umsut bera
for likam og for sjæl.
Aa hjelp meg Gud aa liva
kvar dag i tru paa deg
og aldri fraa deg sviva
og vingla paa min veg!

Ein takk til deg eg sende vi'
i denne stille stond;
du hjelpte meg i livsens strid
naar verdi her var vond.
Mi arme bøn du høyrde stødt,
naar hjelpelaus eg stod,
og laga alt so godt, so godt,
og gav meg hjartero.



## Christian Christopher Roch.

Han var fødd 1631 og sett til skrivar i Telemarki (austanfj.) 1662; men vart tekin i so mange grove lovbrot, at han i 1683 vart fraadømd embætte. Etter det livde han endaa i 25 aar og budde daa paa Øvland i Selgjord.

Roch vart gift med *Ædel* (Adele) Tykjesdotter i 1664. Sacharias Schanke vigde dei; han fekk 8 riksd., 1 mark og 15 skill. i offer.

Roch var ein utgrunna kranglefant, som stødt dreiv med plundringar og ugreide sakir, helst um gardar og pantebrev. Av rike kaupmennar i Skien og Porsgrunn kaupte han pantebrev i gardar, og so var han ferdug med søksmaal og freista vrie til seg heile garden. Ofte hadde han lukka med seg; men det raaka, han tapa au. Stundom laante han no burt pengar sjølv med, naar han visste seg trygg og hadde von um aa faa kloi i heile garden med pantebreve, som han sjølv dikta slik, han fann fyre. Attaat okra han med sælingen, som laut laane, tvinga 'n til kaupe kyr eller

gjeitar til tvihøge prisar, so pantebreve kom upp i det dubbelte, mot det mannen hadde trongi laant.

Daa han var skrivar, gjorde han mykje svik i skrifti og ellest. Den 5. december 1668 er han paa Øvre Klomset og held skifte etter *Sondre Tovson.* Han hadde vori gift tvo vendur; andre kona hans heitte Guro. Sondre hadde tri sønir; *Endre* (Klomset), *Svein* (Aase) og *Tov* (Sandland), og tvo døttrar: Aslaug og Asgeir. Han aatte daa Klomset (3 tnr.) og Sandland (1 tnr. (3$^1/_2$ mæle). Det vart mange sakir og plundringar etter dette skifte. Roch vilde sjølv faa tak i garden, og det lukkast 'n au tilslutt etter mange skarvetak og revastrik.

1675 skreiv Roch eit pantebrev paa Endre Sondreson Klomset. Sumen var paa 89 riksd. og skrivaren skulde hava pant i 1 tn., 1 mæle og 1 settung i Klomset. Detta skuldbreve kom han fram med i retten ei tid etter og kravde denna luten av garden til sin lovlege eigedom. Det var dagsett 27. septbr. nemnde aar og underskrivi av Endre sjølv og eit vitne heitte Peder Powelsen og so var det nokre voksklattar under. Endre sa fraa paa tinge, at han aldri hadde laant pengar av Roch og visste ikkje eit grand um pantebreve, det var berre uppspinn og fantetak av han alt saman. Ikkje kunde

Endre skrive namne sitt, sa han sjølv, og det vitna folk paa tinge au. Vitne, Peder Powelsen, var eit uppdikta namn, som ingin kjende. Heile dokumente var soleis falskt. Roch plundra lengi med dette, men laut gjeva seg til slutt.

*Jon Sommer* vart skrivar i Aust-Telemarki etter Roch. Men det ser ut til, han hev likna paa formannen sin, for han au vart fraadømd embætte og budde etter den tid nokre aar i Selgjord og fekk stundom lov til vera prokurator og føre sakir.*) Han var paa Nordgarden eit bil og ei tid paa Klomset.

Ettermannen av Sommer heitte *Hans Morland.* Han au vart avsett og budde paa Klomset.

Det ser ut til, at kring 1705 er alle desse tri skrivarane — Roch, Sommer og Morland — i Selgjord og er framme paa tinge med sakir og plundringar, stundom seg imillom, men tidast med bøndane. Øvre Klomset hev dei havt kløane i alle tri, og helst med odelservingane, til dei vart reint utarma.

Svein Sondreson Klomset lyt selja

---

*) Paa tinge paa Djuve i Selgjord 2. april 1696 let skrivaren, Hans Jespersen, Sommer føre ei sak for Aasebøndane.

halvdeilen sin i Klomset ($1^1/_2$ tn.) til Sommer for 90 riksd. Endre, bror hans, aatte hi helvti i garden. Men so hadde Roch fengi lura til seg tvo pantebrev, som kvilte paa luten av Endre, eitt til ein Tidemann paa 30 riksd. og eitt til president Bernholt paa 50 riksd. og so attaat det falske skuldbreve, som fyrr er nemnt, paa 89 riksd. Daa Endre døde, var Sommer eigar av den eine og Roch av den andre helvti i Klomset.

Men det ser ut til, at Morland au vil ha noko segja i garden. Paa tinge 1705 skreiv han full „adkomst til godset“ og vil ikkje lenger nøgje seg med „dicheues og snack“. Han hadde pløygt aakeren paa Klomset 30. april 1705, sa han.

Svein Sondreson Klomset, som hadde selt gardeluten sin til Sommer, budde paa Aase i Brunkeberg. Han hadde laant 53 riksd. av Roch og sea 5, og attaat hadde han kaupt 4 kyr og 6 gjeitar*) av 'n. For dette hadde han gjevi pant i Aase. So hadde Roch kaupt eit pantebrev i Aase paa 80 riksd. av ein Phillip Pouly. Denne panten hadde endaa Tormod Kolltveit i Brunkeberg siti so etter og vilde fengi tak

---

*) Kona til Svein vitnar, at ho henta 2 kyr og 4 gjeitar paa Nordgarden hjaa Roch 3. novbr. 1667; skrivaren budde der daa.

i, segjer Roch i retten, for han vilde driva Svein fraa garden, forsegnar han.

No freistar Roch aa faa til seg Aase au; men daa det ikkje gjeng, er han so naadug, at han let Sondre, son til Svein, bu paa garden, naar han lovar innan ei viss tid aa bitala „sin faders gjæld og ikke bruger skogen til upligt“.

Det ser ut til, at Aase-bøndane Svein og Sondre hev greidt skuldi si til Roch. Og ikkje berre det, men tek att Klomset, odelsgarden sin, au av han. 1706 stemner *Torgeir* andre sonen til Svein Aase, Roch paa odel paa Øvre Klomset. Det vart sjølvsagt sak av, som gjeng i mange aar og kom heilt til overhofretten; men Torgeir vann, og ætti hans sit paa garden den dag i dag. Torgeir var gift med *Ingebjørg Olsdotter.* Dei hadde desse borni *Tov, Svein, Jørunn* og *Torbjørg.* Ved skifte etter'n i 1726 liver kona. Heile Øvre Klomset vart daa verdset til 400 riksd.

Bjørge i Selgjord hadde au Roch kløane i. *Halvor Trondson* sel i 1667 2 mælir i garden til han.

Futen *Jørgen Schnell* var verste uven, Roch hadde. Dei gjorde mange lovbrot i embætte baae tvo, og so sat dei um tak og klaga og førde einannan for retten, og det enda med, at det gjekk vettervegen med dei

bae tvo. Um dette er den gamle regla: „Rokk spann so lengje paa Snella, at 'o gjekk sond, og Snella spann av Rokkjen".

Schnell budde paa ein gardelut nedanfor Øvland, som heitte Eiuvstad, so han og skrivaren var grannar.

Roch dreiv med sakir, so lenge han livde. Det allra verste ynskje, han hadde yvi uvenlne sine, var: „Giv du maa bli stolt!"

Han døydde paa Øvland 23. januar 1708, 77 aar gamall. Kona hans vart 63 aar gamall og døydde aare fyrr.

Ei fjellskor vestanfor Øvlandshusi heiter *Rokkestolen*. Namne kjem av, at skrivaren sat der so ofte um sumarkveldane og saag utyvi den fagre Selgjordsdalen.

Roch hadde mange bonn og er ættefar til den mest vidgreina ætti i Selgjord, og ho vidar seg ut i mange andre Telebygdir au. Naar gamle skrivaren kom til kyrkja, so gjekk han altid fyre sjølv, stød og vyrdeleg, og so kona og bonni etter'n i ei rekkje, Daa sa folk, at Roch kom med rova si. Sea vart ætti hans altid kalla *Rocherova*.

Bonni aat Roch var: *Peter*, fødd 1665; *Ingebjørg*, f. 1666; *Tykje*, f. 1668; *Kristoffer*, f. 1670; *Kristian*, f. 1671; *Elisabet Sofia*, f. 1672; *Maren*, f. 1675; *Gjer-*

*trud,* f. 1677; *Mattias,* f. 1679; *Hilleborg,* f. 1685; tvo bonn til som døydde, med dei var smaa.

Utanum egteskape hadde han 3 bonn, 2 med Helga Aasmundsdotter og 1 med Maren Kristoffersdotter.

Ingebjørg, eldste dotteri, var kaat og agalaus og fekk baan med major Christopher Budde, men vart ikkje gift.

Elisabet (Lisbet) vart gift med *Anders Beyer.* Dei vigde paa Øvland nyaarsdagen 1699. Det vart halde storfint i den tidi aa vigje heime.

Maren vart gift med *Gregar Asbjønnson Loftsgarden* i Selgjord. Dei hadde ei dotter, *Ædel,* som heitte etter bestemor si. Gregar aatte Vestigard Aasheim og der budde dei. Fyrst paa aare 1719 er det skifte etter honom, daa er'n død. Daa var dotter deira berre 2 aar. Ved skifte vart garden (3 tnr.) verdsett 300 riksd. Bue etter'n vart ialt verdsett til 441 riksd.; naar skuldi var fraatrekt, vart det att 381 riksd. Maren døydde 3 aar etter, umlag 47 aar gamall*).

---

*) Naar Qvisling i Øvre Telemarkens historie i det 17de aarhundrede (Skien 1906) fortel, at Gregar og Maren budde paa Aasen, og at dotter deira var 5 aar gl. daa faren døydde, so er dette feil.

G j e r t r u d vart 1704 gift med Samuel Morland. Han var skippar og budde i Risøyr. Ho vart enkje og døydde 1742.

M a t t i a s vart gift 1718 med *Ambra Lind,* einaste dotteri til presten Lars Lind i Hjartdal. Mattias likna mykje paa far sin i huglynne, var ugreid og mangslungin og drakk mykje, men stillfarande og faamælt. Søren Bekkhus, bror til Ambra Lind, sa, daa ho vart gift med Mattias:

„Ja, no har syster mi au fingji ein ròkk, men 'n har inga snelle*).

Mattias budde i Skien ei tid og dreiv med handel, men det gjekk snart galne vegen med 'n. So reiste han rundt i bygdine og selde ulovleg kraamvare; men daa vart han tekin av øvrigheiti, og miste alt han aatte. Eit bil etter døydd 'n. Kona sat att i svarte armoi. Ho flutte uppatt til Hjartdal, og der fekk ho seg ei liti stogu, som ho budde i sea. Livemaaten tende ho med aa binde fiskegaan og spinne.

T y k j e gjekk det so rart til med etter segni. Han vart braatt burte ein dag, og dei var kje raad faa spaake paa 'n att, endaa alt dei leita. Eitt aar hadde gjengi, og skrivar-folki hadde misst all von um aa sjaa 'n

*) Sjaa meir um Lars Lind og bonni hans bl. a. i Rikard Berge: Norsk bondeliv i segn og sogu.

meir. So var det veslejoleftan, daa kom det ei gamall finnekone til Øvland. Skrivarfruga gjekk aa gret og jamra seg for son sin.

„Graat ikkje no, mor“, sa finnekona, „no kjem son din snart. I morgo hev du 'n her“, sa ho.

Det gjekk som finnekona sa. Seint um joleftan kom Tykje heim til Øvland. Han hadde hyra seg med ei skute og fari til sjøs og vori eit bil nedi Holland. Men han vart ikkje lengi heime; straks yvi jol strauk han att, og dei saag han aldri heime meir.

Hilleborg, yngste dotteri til Roch, vart gift med lensmann Jørund Djuve i Seljord 1711. Ætti av dei er den greini av Rokkerova, som hev breitt seg vidast utyvi i Selgjord og grannebygdine. Og um denne greini er det daa au, eg kjem til fortelja mest her.

**Jørund Djuve** var son til Gunleik Sveinungson Nordgarden (fødd 1655), som au var lensmann i Selgjord (umlag 1710—20). Etter honom vart son hans, Tor Nordgarden, lensmann i 8—9 aar; so Lavrans Gutormson Midbøen til umlag 1734; so Halvor Sørenson Loftsgarden til 1737, og etter honom vart Jørund Djuve lensmann til sin døyande dag 1754.

Jørund var av ei gamall god bondeætt. Han hadde tvo halvbrør au, Hans Øyi i Vraadal og Øystein Fjaagesund, som sea kom til Gjelstad i Brunkeberg og var far til den illgjetne Jørund Gjelstad.

Jørund Djuve var ein mykje rik mann og aatte mange gardar. Attaat Djuve var han eigar av Aasheim og Dalane i Selgjord, Romnes og Søve i Holla, Eikland og Svalastoga i Skafsaa og Heggtveit i Brunkeberg.

Eingong var han uheppin. Han hadde gjengi god for ei kaupmanns-enkje i Skien, ho spila upp, og han fekk so stort eit iap, at han laut selja baade Søve og Romnes til aa løyse take.

Paa Heggtveit kosta han upp ei gild stogu. Ho var tvihøg og paa gamall gjerd, med svalgongar og runde stolpar og mykje paakosta. Det var Trond Ramskeid, som var byggmeister. Til laga laasar og gongjønn og gjera anna smedarbeid hadde han ein tyskar, som heitte Weisfoss. Den gamle gilde Heggtveit-stogo vart diverre nedrivi for nokre aar sea og umattbygd.

Det ser ut til, at Jørund plundra mykje med sakir og søksmaal um gardar og stogteigar liksom dei fleste rike gauvane paa den tidi. Um han no ikkje var rett so ram som frenden og namnen sin Jørund Øysteinson Gjelstad, so hadde han daa noko mykje av same haatten.

I 1740 byrja ei lang og vridut sak millom desse tvo Jørundane. Ho varde yvi

14 aar og gjekk heil til overhofretten og enda kje, fyrr etter Jørund Djuve var død. Det var deildelinune millom Gjelstad, Kjos, Kolltveit og Runningen paa den eine sida, eigedomane av Jørund Gjelstad, og so Heggtveit og Aase paa den andre. Paa Aase budde Maren, som var dotter til Jørund Djuve og gift med Steinar Aase.

Eit innlegg i retten i denne saki fraa Jørund Gjelstad luar so:

„At Jørgen Giuve for 4—5 aar siden uden lov og dom fratog min moder Aslau Jelstad og børn 5 tylvter saugtømmer, som var aavirkede udi Kolltvedt gaards tilhørende skaug og fremkiørte til Vigdesiøevandet — om det var en sømlig gierning mod sin broders enke — lader jeg staa for sit værd, og maa sige som ræffen om de røde hunde: „frender er frender verst“. — — — „Torvil Kaasen forklared og, at han for 34 aar siden fremdrev for Østen Jelstad 6—7 tylvter saugtømmer, som var hugne inden Jørgen Giuves nu paastefnte strækning, som han vild holde sig til, enskiønt han ved bedre — saa jeg frit tør sige, at ond begierlighed til Nabots vingaard og uretsindighed driver hannem til at forulempe sin broders enke og børn — —“.

Jørund Djuve var ein dugande lensmann stor og sterk, og ein fæl age stod det av ’n.

Amund Wille var prest i Selgjord i denna tidi, og son hans, Hans Wille, var student daa og laag nedi Kjøpenhamn paa skular; men um sumaren og i joli var han oftast heime att i Selgjord. Hans var ein kaat og villstyrin kropp i ungdomen og sparde ikkje vera med bygdeungdomen i leik og lag; han hadde mange av dei beste venine sine millom bøndane. Paa Heggtveit vanka han jamleg, naar han var heime att. Stundom kunde han vera der mange dagar i venda, og dei vilde segja, han var trulova med dotteri der Hilleborg Gunleiksdotter, sonedotteri til Jørund Djuve. Det vart no kje noko av millom dei; men det er visst, at ho fekk mange brev fraa 'n, baade daa han laag i Kjøpenhamn og ellest. Dessa brevi var aa sjaa paa Heggtveit alt til seinare tid aa kalla, men no hev dei komi burt.

Eingong i joli hadde Hans grunna ut, at han skulde gjera gamle lensmannen paa Djuve eit spikk, so han skulde faa ein hjartekvekk. Det var ein kveld seinst i helgi, at lensmannen var paa Øvland i jolegilde og var ventande paa heimvegen noko ut paa notti. Detta visste Wille um, og so lura han seg avstad med ei fele og gjekk inn i kyrkja. Daa han saag Jørund koma køyrande, so gnika han inn klædi og andlite og fela med fosfor, so det gneista og lyste av 'n,

og so stelde han seg upp i altare til rive og spila, so det ljoma i kyrkja. Lensmannen høyrde felelaaten og stana hesten, gjekk so upp til kyrkja og kika inn gjenom dynni. Daa fekk han sjaa denna undarlege skapnaden stod spila, so det gneista fraa strengine og heile kroppen. Men Jørund tagde som ein mur, gjekk beint upp til altere, treiv han, som stod der, i nakken og stirde paa 'n. Han saag snart, kven det var, og vart dugeleg harm.

„Aa, æ dæ du, som stend her. Du ville vèll skræme meg, du; men naa skaa du fylgje meg heim te fa'-din, saa skaa me høyre, høtt han seie om, at du hev bøtte kjørkja aa meg til spøk aa spòtt!" sa han.

Han vilde rivi seg laus og fara sin veg; men gamle lensmannen heldt godt det take, han hadde. Daa laut Wille til bøns og bad baade fint og lengi, fyrr han slapp. Han vilde nok ikkje for noko slag, at gamle far hans, prosten Wille, som var so aalvorsam og streng, skulde faa njosn i detta.

Ein sundag kom lensmannen ridande fraa kyrkja. Det var um sumaren, og daa han kom paa Klomsethaugen, so laag det ein full mann i vegen og gapte og sov. I det same vart Jørund vari ein orm, som rann inn kjeften hans. Daa slog 'n paa he-

sten og reid ' n i vilt flog att og fram etter mogane, so han mest sprengd 'n, og so attende til mannen. Daa stalla hesten, og Jørund vekte mannen og truga 'n til drikke av det. Han murra og baud vondt, men det muna ikkje. Daa han hadde teki nokre supar, kom ormen rennande uppatt. Mannen hadde ingin ting skyna, fyrr ormen kom upp. Jørund fortalde, koss det hekk saman, og hin takka for, lensmannen hadde berga live hans.

I Selgjords kyrkja heng ei ljoskrune til 6 ljos. Ho er av massing og er ei gaave fraa Jørund Djuve til kyrkja.

Jørund døydde sumaren 1754. Dei fortel, han hadde vori paa Kongsbergmarknaden um vetteren, og daa hadde han for moro skuld vori inne til „Den vise fenta" og spurt, um han skulde bli enkjemann.

„Enkjemann bli du snart", svara ho ; „men du rekk ikkje gifte deg att".

Frampaa vaarkanten same aare skulde Per, son deira, flytja til Aasheim og taka imot garden, og daa skulde det vera eit gildt lag paa Djuve. Dei hadde bryggja og baka og laga og stelt i lang tid. Men daa alt var ferdugt, vart Hilleborg sjuk. Ho stod i kjellartroppi og vilde henta upp øl. Daa fata det ho so braatt, at ho livde berre nokre faa dagar. Frampaa sumaren døydde Jørund au.

Jørund og Hilleborg hadde 6 bonn: Gunleik, som fekk Heggtveit; Per, fekk Aasheim; Kristoffer, fekk Djuve; Maren, vart gift med Steinar Aase i Brunkeberg og fekk Dalane i arv; Kristian, vart gift ttl Gardvik; Jørunn, var gift med Eivind Lavranson Nes.

Kristian vart gift med ei einbendingsgjente paa Gardvik i Selgjord, som heitte Gro.

Dei hadde 3 bonn: Bjønn (Øvland), Olav (Gardvik) og Ædel (Utgarden).

Bjønn budde paa Øvland. Kona hans heitte Anne. Men so selde han denne garden sin til ein som heitte Aasaal, og som kosta upp so gilde hus der, millom anna eit stabbur, som stend enno. So kaupte han Uppebøen i Selgjord i staden, budde der eit lite bil, og so selde han det att au og kaupte att Fossheim i Bø; det var 4-tunns-gard. Men han treivst ikkje der heller, og so tok han att Øvland paa odel og budde der sea.

Bjønn og Anne hadde desse bonni: Kristian (Øvland), gift med Aslaug, dotter til Olav Gardvik; Tarald (Mørkholt); Jørund (Berge); Aaste (Aasen), gift med Harald Sveinson Klomset; Gro (Lykka), gift med Tor Sveinson Grave.

Tor Grave var bror til Lavrans Grave og var ein rik mann. Han var fysst gift med ei gjente fraa Allmannkosi heitte Aase, som døydde so tvert. Ein pinsdag. daa folki kom att fraa kyrkja, fann dei ho død i sengi, og eit lite baan, dei hadde, laag saug bringa hennar. Dei hadde 4 bonn i alt.

So gifta Tor seg att med Gro Lykka. Ho var eit uting i mange maatar og øydlagde Grave-medelen paa eit lite bil. Det var so mykje ervesylv paa Grave, gilde staup og konnur av sylv, syljur og malir og gamle kostsame dukar og tjell. Alt detta rende Gro rundt i bygdi med og bytte burt, stundom i brennvin og stundom i anna lapperi. Dei laut snart flytja fraa Grave og til Lykka, som var plass under garden. Daa svalt dei mest ihel dei bonni, som Tor hadde etter fysste kona si; tvo av dei var gjentur, Liv (Hallen) og Lisbet (Kasin). Folk laut seinstpaa taka bonni fraa dei, og daa var dei so utsvelta og arme, at dei kunde ikkje njote annan mat enn graut og vatn i lang tid.

Tor traska no ikring og trekste. Han var ein meister til fortelja gamle eventyr og sogur.

Gro var jaalut og rar. Um sumaren hadde ho det so ansamt med aa skræme fuglane or aakrane. Daa smelde ho med tvo

fjølstubbar mot einannan, og stundom bruka ho treskorne au; detta kalla ho „fjøla“. Folk hadde so moro av denna fjølingi hennar. Gutegapar og slikt fann seg fjølar og „fløla“ med, naar dei saag, Gro kom. Stundom, naar fuglane var reit rame i aakeren, So vilde ho faa Tor au med til „fjøla“.

„Fjøla du ou Tor!“ sa ho.

„Fjøla du, eg gjev fa'n fjøla eg!“ sa Tor.

Dei hadde ei dotter heitte Anne.

„Rangjen gjer tusen daler“, sa Gro — dei laut hugse, ho var av Rokkerova, meinte ho.

Ja, her er mange skjemtestubbar um Gro. Ho dreiv og spila so paa langleik au. Eingong skulde ho ha Eivind Jonslid til slaa for seg. Um detta er ein stubb:

Vi' du koma te Lykka aa slaa ein teig,
saa skaa du faa Anne aa alt dæ 'o eig.
Aa naar Tor æ dou', aa naar Tor æ dou',
aa Gro te aa spela paa langleikjen ou.

Saa „fjøla“ ho te Moen etter fem leivar brou'
aa dei bar ho heimatt i graastakkjen ou.
Aa naa skaa daa Jonsli'n faa metta si ou;
aa han treng dæ naa ou, aa han treng dæ naa ou,
han ha site saa lengje paa vatn og brou'.

Tor døydde og Gro gifte seg att med Kjetil Glosimot*) Um det er det au ein stubb:

Aa Kjetil han flutta te Lykka ihøst,
aa Gro ho ha køpt'n fe tri merkar øst;
aa Kjista ho ramla, aa blakkjen han drog,
aa Kjetil han kjørd'o paa fillute sko.

Ein vetter, det var so stor snjo, saag folki paa Moen til, at Gro og Kjetil velte seg uppaa snjofenane og ned dei bratte bakkane fraa husi paa Lykka.

„Hott va' dæ fe kjer hell koppar, som trilla utivi bakkæn fe dekkon?“ spurde dei Gro etterpaa.

„Hu, dæ va' bare eg aa Kjaatil, som va' ute aa helt moro dæ!“ svara ho.

Olav Gardvik, andre son til Kristian Gardvik, var ein raring og ikkje mykje klok.

Eingong hadde han skrivi og sett upp ein huspostil, som han meinte var framifraa. So gjekk'n til presten med'n og vilde faa lovord og velsigning for arbeide sitt. Men daa presten laut segja, som sant var, at ikkje postilen hans var brukande, so svara Olav:

---

*) Kjetil var bror til bilæthoggaren Olav Glosimot.

„Eg tenkte daa, han skulle vera hougjenpaa go' nok fe husmennar!"

Han vilde vera so utifraa klok.

Ein sumar skein alt konne burt for han. Daa han so skar paa detta skinbygge, so tek han tvo konnband og heldt yvi seg og ropa:

„Her ser du hei'rn din, Herre!"

Olav var gift med ei enkje heitte Hæge, som var komi fraa Huvestad i Brunkeberg. Ho hadde ei dotter etter fysste mannen sin, og ho heitte Tone og vart gift med Kjetil Ytre Øvland i Selgjord. Tone var trulova med Tov To au, som var ein rik gauve. Daa ho bar gaavune heimatt til'n, so vart'n harm og vilde ikkje sleppe ho so lett. Seinstpaa vart det so, at baade Kjetil og Tov skulde møtast med Tone paa ein gong, og so skulde ho velja ein av dei, og den, ho valde, han skulde ut med hundre dalar til den, som laut fire. Daa dei møttest, segjer Tone:

„Ja, saa gjev hondre dalar du daa, Kjetil!"

Dermed var det avgjort. Kjetil fekk gjenta, og Tov fekk hundre dalar.

Kjetil og Tone hadde ei dottter, som heitte Anne og vart gift med Tor Torbjønnson Grave.

Olav Gardvik og Hæge hadde tri

bonn: Kjetil (Gardvik), Ædel (To) og Aslaug (Øvland), som fyrr er nemnd.

Kjetil vart gift med ei som heitte Ægeleiv, dotter til den rike Knut'n Strond og kona hans Asgjerd. Ægeleiv var eit fælt ting, laus av seg og grov paa mange vis. Kjetil, mannen hennar, døydde so tvert, og alle hadde misstanke um, at ho hadde drepi'n med gift. So gifte ho seg att med ein, som heitte Kristian Torvilson; han var av ei folkeferd, dei kalla Torvillane, og dei hadde eit klent ord paa seg. Kristian døydde au so snøgt, og folk meinte, Ægeleiv hadde gjort det av med honom au. Tridje gongen gifte ho seg med ein dei kalla Hassler, som hadde komi fraa Trollebotnen i Selgjord.

Dei fortel, at Ægeleiv var so forfylgd av vonde magtir og skrymt ein kveld, ho reid yvi Jordebræine *). Det tok til ropa so fælt paa ho; men aldri ho saag det som likna livande.

„Ægjelev! Ægjelev!“ sa det, og fleire og fleire var det som ropa; tilslutt let det i kvar buska. Hesten hennar kom kje av flekken, men stod som han var nagla fast. Der sat ho paa hesteryggen heile notti og og var mest vitskræmd. Daa det kvitna

*) Der vegen gjeng fraa Brunkeberg kyrkje og framum Haugelid.

for dagen, slutta fysst ropingi, og hesten kom laus.

Kjetil Gardvik og Ægeleiv hadde 4 bonn: Knut (Tussdjuv), Margit (Kivle), Ædel (Vefald) og Ingebjørg (ugift).

Knut fekk Gardvik i arv og mange pengar attaat. Han vart gift med Ingebjørg Sælid, dotter til Gisle. Gisle var sturtande rik. Ho fekk 10 naut i heimanfylgje og mange hestelass med klæde og mat og anna, og so attpaa 1000 dalar i arv. Det var gildt lag paa Gardvik, daa Knut og Ingebjørg hadde brudlaup. Det var skaallag, dei kalla, som varde i 8 dagar. Dei hadde bryggja 7 tunnur malt til lage og brent 180 pottur brennvin og teki heim 120 pottur fransk brennvin fraa byen. Men han tapa ikkje paa det, fortalde Knut. Folk var so druse til „leggje i skaali" ; det var dei som la 10 dalar.

Knut var ein godfjaatting og tusul, som ikkje hadde det minste vit paa aa styre medelen sin. Dei, som sat um tak, kunde faa okre og handle med'n, som dei ville. Ingebjørg var au ei fatafille, som ingin ting dugde til, berre øydde burt og vannrok det, ho hadde um hendar.

Det stod kje lengi paa, fyrr Knut var so gjeldbundin, at han laut reisa fraa Gard-

vik. Dei fortel no det au, at fysste gongen, dei var faraferduge fraa Gardvik, so reiste Ingebjørg til far sin og bad um aa faa sjaa skiftebreve og kvittingane paa arven sin. Gisle var godtruin og let ho faa papiri; men daa rende ho avstad med dei og brende dei upp, og so truga ho ut arven paa nytt, 1000 dalar. Men det muna ikkje. Kring 1832 var dei i so stor skuld til Sveinung K. Grave i Bø, at han tok garden, og Kjetil og Ingebjørg kom paa tiggjarstigen. Dei budde paa ein kavlitin plass ovanfyre Brøløs i Selgjord heitte Tussdjuv til slutten.

Det stod ein fæl strid paa Gardvik daa Knut skulde flytja fraa garden. Daa han hadde gravi upp jordepli om hausten, so vilde Sveinung Grave kanne seg dei og hadde sett ein dag, han vilde hente dei. Men daa hadde Knut vori um seg og tinga med seg 8 av dei beste kjempekarane uppi Selgjord. Dei skulde daa hjelp'n aa laste jordepli i praamar og ro dei upp til Selgjord og so banka upp bøheringane, um dei kom. Sammel Flathus og Tov Ringen, „Djuvlandgampen“ dei kalla, var av Knut sine mennar. Dei rusta seg som til ein krig. Knut gjorde istand klubbur med lange skaft og spikernubbar i, hadde fulle skreppune av stein, og so stelde dei seg med smaa sneddelege knivsnubbur i sliri, um det

trongst. For dei fælde nok for, at Sveinung Grave heller ikkje kom eismall. Og det gjorde han ikkje heller. Han hadde tinga med seg nokre av dei beste kjempekarane i Øvre Bø. Millom dei var Briskelid-karane, Hønsbruane og fleire.

Lengi fyrr det var ljost um morgonen rodde selgjordingane utyvi vatne med 8 store praamar og kom til Gardvik og fekk lasta alle praamane fulle med jordeple og konn. Bøheringane saag dei ikkje til. So rodde dei alt dei orka uppyvi att. Komne so langt, at dei trudde seg trygge, svinga dei attum ein odde og batt praamane, gjekk i land og slo seg ned attanfyre ein berg-knaus, nørde varme paa og fekk seg mat, for dei var mest fastande, og mest utkøyrde var dei no. Men daa dei skulde avstad att, var praamane burte. Bøheringane hadde lura seg etter og teki dei. No var dei langt utpaa fjorden, og der stod dei i praa-mane og ropa hurra og fikta attende. Sel-gjordingane kunde inginting gjera, og Gra-ve'n fekk all maten. Men som lukka var, hadde Sammel Flathus rott praamen sin noko lenger upp i ei vik, so d e n hadde ikkje bøheringane funni. Sammel fortalde ofte um detta; han kalla det „Jordeple-krigen“.

Det vart sure dagar for Knut og In-

gebjørg no. Arbeid var dei lite vande med, og dei svalt og leid gruveleg vondt. Knut var no ei fæl ufyse so aaletin, so han berga seg no vonom. Han gjekk rota som ein hund paa kjøkendyngjune hjaa storfolki etter mat-rætur og aat dei, og grov uppatt kretur, som hadde sjølvdauda, og bruka til mat. Dei hadde ei kyr, etter dei kom til Tussdjuv. Ho var god paa kjeften Ingebjørg. Det raaka, kyri hennar kom nedpaa Utbøen, Klokkargarden, og naar „Gamleklokkar“*) var meinsperrin og vond for det, so svara ho:

„Di spør meg, naar eg kjem i utmannbygdæn, om feite Knut klòkkar æ i Seljor' naa au!“

Ho tala jamleg um ungdomstidi si:

„Daa eg va' heime sjaa far, ba' eg Gud bevare meg ifraa aa eta blinde grout“.**)

„Knut Gar'vik, rik gar'e-gut, roulett aa fin, mæ rou' halsklut, kom te far aa ville koupe smør aa s'jinn; men eg va' nok s'jinne, han køpte!“ sa ho.

Æ d e l, dotter til Olav Gardvik, vart gift med A n d r e s T o. Han var mykje rik, og ætti hans hadde sitji paa To i fleire hundre aar attende.

---

*) Knut Tovson.

**) Graut utan smørauga i.

Bonni til Ædel og Andres var: T o v (To), G u n l e i k (Gardvik), O l a v (Fjos-tuft), M a r i (Sinnesodden) og K r i s t i a n.

T o v fekk To i arv og budde der. Han var gift med Æ g e l e i v, dotter til Steinar Runningen i Selgjord.*) To var mykje til gard i den tid. Dei sat med 15 mjølkenaut der, og byggaakeren vart haldin for den gildaste i bygdi — det heittest, at matjordi var 3 alnir djup.

Tov var storlaaten med det, gauvra og skrytte og vilde vera slik hauk. Hesten sin stulla han og stelde godt med, og han var stødt so feit og fin. Naar han so var ute køyrde, so kytte han daa: „Eg æ mann, eg, som kokar tukkje fe Jalken!"

Han var so urimeleg god til arbeid den Tov'n, naar han kom paa det. Dei fortel, han trekste og turka og mól ei tunne konn paa ein dag.

Ein joledag køyrde han yvi Selgjords-vatne paa tunnisen, som berre hadde legi ei nott. Folk stod og saag paa, koss isen seig og gav seg, so det vart ein dal etter, der han hadde fari; men han traavkøyrde og kom væl fram.

---

*) Steinar var bror til visediktaren Andres G. Meinstad i Brunkeberg. Sjaa R. Berge: Andres Meinstad og Andres Strømstad.

Ægeleiv, kona hans, hadde ille ord paa seg og var paa so mange mollur. I den tidi (kring 1830) var det vanlegast, at „utmennane“*) fór upp Mannheimsstrondi med buferdine sine um vaaren og utatt der um hausten. So hadde dei traair paa Dalstykke og Kasin. Daa var Ægeleiv ned i driftine og sat um tak og stal saudir. Ein gutunge, som var hjaa dei, skulde eingong vera med aa jaga. Daa dei fór heimatt med saudine, ho hadde stoli, so truga ho og skræmde paa ungen, at han inginting maatte fortelja.

„Kom ihug hott Sant Povel seie, farr!“ sa ho.

Med tenarar og arbeidsfolk var ho stygg, svelte og pinde dei med noko raskeri til mat, som ikkje likna noko, noslespad og beinspad og gjorde stundom paa med litt lette-mjøl. Detta skulde daa folki supe og var det einaste, dei fekk til maals ofte.

Det var mykje mat paa To; men den drog ho avgarde og selde og bytte burt, so ikkje Tov visste noko, og so skulda ho paa grannane daa, at dei hadde stoli av ho.

Naar Tov var full og vond, so var det ikkje sjeldan, han tok ein kubbestol og hivde etter Ægeleiv uti kammerse, tvert

---

*) Utmennar er her folk fraa Bø og Nes.

igjenom dynni so speglane flaug — og daa var det kje fint, det han kalla ho.

Olav, andre son til Andres To, ervde Fjostuft og budde der. Han var ugift, men vart skulda for ein unge med ei gjente fraa Geirsand. Ungen den svor han ifraa seg, og til gjenta sa han:

„Tru eg maatte sekkje paa dæ 'jupaste i Sel'jor'svatne, aa du maatte stande aa sjaa paa, dersom eg æ baanefaren!"

Ei tid etter skulde Olav og gamle Hølgje Skare ro ei kvige fraa Odden og yvi vatne til Fjostuft. Komne noko utanfyre Geirsand, so rodde dei so nær land, at kviga tøygde seg etter nokre grasstraa, som lyste inni skortune, og so la ho til hoppe i land og kvelvde praamen, so Olav og Hølgje kom under. Dei heldt seg uppe ei stund, Hølgje heldt seg i framstamnen og hin bak. Daa sa Olav: „Du bli a ber'ja du Høl'je, men ikkje eg!"

Og so vart det. Daa det kom folk til, var han burte; men Hølgje fekk dei berge. Daa dei sokna etter 'n, var det so djupt, at dei maatte faa laane ei line av Bernholt i Skien, fyrr dei naadde botnen. Daa fann dei 'n paa 90 famnars djup. Dei meinte, han laag i ei bergklovu, kroken hadde fata n i skohelen. Daa dei fekk 'n

upp, hadde ein stor aal ringa seg rundt halsen hans. Dei fortel det au, at gjenta fraa Geirsand stod i tune og saag paa, at Olav bleiv.

Mari, dotter til Andres To, var gift med Svein Sinnesodden. Ho fekk 800 dalar i arv fraa To og 3 kyr i heimafylgje. Og Svein var rik gardegut, son til Hallvor Vindal (fødd 1766), og Hallvor var son til Kjetil Klomset (død 1776.) Svein aatte Vindal etter far sin, men det gjekk ut med 'n, so han livde i svarte armodi halve sin alder. Seinstpaa budde han paa Sinnesodden, ein kavlitin filleplass inni nokre smaa bergskortur utmed Selgjordsvatne. Han var ein lur rev, full av fantetak. Daa han hadde Vindal, so var det ein vaar, det var slik fórnaud. Daa gav 'n Tov Sønstveiten lov til aa rise i utkanten av Vindalsmarki burtmed Bekkjevasen, der han aldri kom sjølv. So passa han tak og tok med seg tvo vitne og kom yvi Tov, med han risa i Vindalsmarki, og tjuvkjende han og stemnde han til kommissjon. Tov var ein tusul og hadde ikkje vitne paa, at han hadde lov til aa rise, og so vart det rekna for tjuveri, og han torde ikkje anna enn forlike seg med Svein og ut med 300 dalar til 'n. Daa kreturi var framfødde um vaaren, reiste Svein

med kvar klauvi. Jonsokeftan koka dei gild feitegraut paa Vindal. Daa dei sat innmed borde, segjer Svein: „Eg ondras hott di et paa Sønstveiten ikvell, eg.“

Og so krya han seg yvi det karstykke, han hadde gjort.

Kona til Tov Sønstveiten heitte Tjodvor. Dei var i god stelling og sat paa Sønstveiten all si tid — lengi etter Svein vart fant.

Andres To hadde ikkje fengi kvitting for arven, han gav Mari dotter si, og so plundra Svein ut 800 dalar av 'n paa nytt lag. Lengi etter, daa Uvdal'n i Bø hadde kaupt To, truga han ut 25 dalar av honom au i odelspengar.

Seinstpaa var Svein stemnar. Eingong kom Tov Ringen fraa byen med ein brennvinsdunk, som han etla seg til selja ut, og slo seg ned paa Svarvaren. Svein fekk nasane i det og strauk beint til lensmann Grave og meld'n. Det var um kvelden. Lensmannen tok med seg tvo mann og vilde ut aa fakke han. Men Svein hadde skunda seg fyri og skræmde ut 5 pottur brennvin av Tov, og so skulde han hjelp 'n, so lensmannen ikkje fann 'n. Daa Tov hadde mælt til dei 5 pottune, so drassa dei dunken ned i ein praam, og Tov rodde utyvi vatne med den, og Svein straukk heimatt med brenn-

vine sitt. Daa lensmannen kom, fann han ingin.

Einaste dotteri til Kristian Garvik var Ædel, som vart gift med Hallvor Haraldson Utgarden i Selgjord (fødd 1666.)

Um Utgardsætti hev eg fortalt mykje i „Gamle hermennar fraa Telemark", so eg skal berre nemne lite grand um ho her.

Halvor hadde fyrr vori gift med Ingebjørg, dotter til Gutorm Midbøen. Ho døydde paa baaneseng, og baane, ein litin gut, fylgde mor si i gravi. Hallvor syrgde hjarteleg og dikta ein vise um dette, som var so rørande. Ingebjørg Telnes kunde nokre ord av ho:

Udi fulle aatte aar var du min festarpige,
men ett aar er snart at sige, som du min
hustru var.

Ogsaa du, min lille søn, maatte heller ikke
leve.
Herren har det vist beskrevet, hvor det med
dig skulde gaa;
du til graven maatte ile, hviler i din moders
fang.

Det var ei rar samansetjing i huglynne av Hallvor. Han kunne vera fælt raabarka

og grov baade i ord og aatferd; men so kunde han vera so mild og god au. Han var liksom ein hovding i bygdi, og med jamnan var folk lite um aa koma i strid med 'n. Jamvæl presten Bruun vaaga sjeldan aa tala imot Hallvor. Ein joledag kom han inn i kyrkja mykje drukkin og braaka og bar seg fælt, men presten vaaga kje vis 'n ut. Dei song nett den gamle jolesalma: „Et lidet barn saa lystelig." Daa dei hadde sungi sa presten: „Aa, er du saa lystig i dag, Hallvor!"

„Ja, *de* syng „saa lystelig", saa maa eg ou vera lystug aa gla'!" ropa Hallvor og rumpla reint gudstenesti. Men han slapp ifraa det utan ankemaal.

Hallvor og Ædel hadde 4 bonn, 2 gutar, S v e i n og J ø r n, og 2 gjentur, som baae heitte G u n h i l d.

S v e i n var den eldste av gutane. Han budde paa Utgarden etter far sin, og var gift med A a s e Ø s t e n a a, dotter til Jørn. Svein var ein gruseleg stor og førjug kar og slaastkjempe av dei verste. Eingong var han i Vinje i eit jolelag paa ein gard og hadde berre tenestguten med seg. Det var mange kipne vinjesokningar med i lage, og med dei sat rundt eit langbord og drakk, byrja dei aa egle seg inn paa Svein og sa,

at i Selgjord var det so fullt av tjuvar og kjeltringar. Berre ein letta paa ei buske, flaug det ein tvo-tri undan, sa dei. Svein tagde lengi; men so kviskra han til tenestguten, at han skulde ut og sila paa hesten og spenne fyri og so sitja ferdug og vente til han kom Guten so gjorde. Daa det leid paa eit bil, reiste Svein seg upp og tok det tjukke tunge langborde med alt som paa det var baade mat og drykk, lyfte det upp og kvelvde det nedatt yvi vinjesokingane so dei fleste vart liggjande under. So sprang 'n ut, slengde seg i sleden og køyrde avgarde. Dei andre gjorde etterlaup paa 'n, men han hadde ein skjot traavar denna gongen, so dei tok 'n kje att.

Svein vart mykje gamall og livde etter dei fleste av bonni sine. Han hadde 6 sønir og ei dotter. Sønine hans var alle store og sterke, men vart ikkje gamle nokon av dei.

Hallvor var eldst og fekk Utgarden. Han var gift med Anne Sanda i Bø, dotter til Gunnar og Gro. Ho hadde ei syster, Kari Skrabekk, og tvo brørar, Jorund Sanda og ein, dei kalla Hallvor „Dolk“, som fór aa rók med noko handel og fanteri. Hallvór Utgarden var styrar av Konnmagasine i Selgjord og stod for utlaane. Men han var eit godmenne, som laande ut og fekk ikkje innatt det, han

skulde, so han sistpaa kom i so stort underslæp, at han var paa aa gange fraa gard og grunn. Men han fekk daa forlik paa dei vilkaar, at han aarleg skulde bitala innatt 12 tunnur bygg i magasine. Denna tyngsli laag til Utgarden i lang tid etterpaa; men skuldi vart daa bitala soleis. Detta hadde vori mest raadlaust aa greidt paa andre gardar i bygdi; men Utgarden var ein ovlæte god konngard i den tidi.

Hallvor døydde 1835. Anne livde etter 'n. Ho var ei liti stubbe og so raudleitt og kvirv.

Bonni deira var: S v e i n (Utgarden), T o r (Utgarden), J ø r n (Eidsand) o. fl.

Den eine G u n h i l d 'i, dotter til Hallvor Haraldson Utgarden, vart gift med S ø-Un Y t r e Ø v l a n d i Selgjord. Selgjordkyrkje var privat eige i den tid, og Hallvor Utgarden aatte ho. Gunhild fekk kyrkja i ervelut. Inntekti av ho var 8 skilling i stolpengar av kvar huslyd. Kvar grend hadde daa sine stolar. Men det var so vaalunt aa faa inn dessa skillingane og eit fælt stræv aa gange rundt i kvar garden aa krevja dei.

Sørn Øvland var gift tri vendur. Tridje kona hans heitte M a g r e t e, komi ovanfraa Fjøllstogo. Han let L a v r a n s, son etter fysste kona si, faa Øvland, og sjølv

kaupte han Fossheim i Bø og flutte dit. Magrete var liksom so storlaati ho. Eingong ho og Sørn var uppatt til Øvland aa lyddest, so spurde no folk, koss ho undest i Bø.

„Aa jau, dæ æ nok ana te grei'ur aa sit'a paa Store-Fossheim aa sjaa utivi brei'-bygdan, hell aa sit'a paa Øvland aa sjaa borti skurv-aasan!" hermer dei etter ho.

Sørn hadde komi fraa Nes i Øvre Selgjord og var son til Eivind Lavransson. Attaat Lavrans, som budde paa Øvland og var gift med R a g n h i l d S ø n s t v e i t e n (fødd 1758), dotter til Tov Sønstveiten, son til Andres Klomset, som var gift med Ragnhild Kivle, dotter til Olav Gardvik, „Mannslagaren", hadde Sørn ein son til, som heitte S v e i n og budde i Huse paa Brø'løs i Selgjord. Og so hadde han 3 døttrar: B a r b r o, gift med Kjetil Netten; K j e r s t i, gift med Hallvor Berge, flutte sea til Sjøbua i Nesherad; G u n h i l d, gift til Meaas.

Daa Lavrans Sørnson hadde Øvland, var det, her vart „fillepæning" i lande. Han hadde ein gild hest, og no laut det likso mange av dessa fillepengane til bitala d e n, som det fyrr laut til løyse heile Øvland. Naar han var ute aa køyrde med denna gampen sin, so sa han for moro: „Naa kjøyrer eg mæ heile Øvlan'!"

Lavrans og Ragnhild hadde ikkje bonn; men dei tok til seg kvar sin gut, systersønine til Ragnhild, og dei skulde erve dei. Den eine heitte Knut og var son til Olav og Gunhild Sønstveiten; den andre heitte Kjetil og var son til Kjetil og Anne Gravalid. Millom dei tvo vart so Øvland deila. Kjetil vart gift med Tone Gardvik, ho som au var trulova med Tov To, so som fyrr er fortalt. Knut vart gift med Kjersti Gutormsdotter Nes. Ei onnor dotter til Gutorm Nes vart gift med Knut Bakken i Nordbygdi i Selgjord, frenden sin.

Den andre Gunhild'i, dotter til Hallvor Haraldson Utgarden, vart gift med Aslak Jørnson Østenaa i Kvitseid. Dei hadde tvo bonn, Jørn og Ædel. Ædel vart gift med Hans Rue, son til den kjende felemakaren Karl Rue. Jørn gifte seg fysst med Sussanna Kristoffersdotter Blom (Neset) i Kvitseid, syster til stortingsmannen og bygdediktaren Ole Blom. Andre venda vart han gift med Ægeleiv Taraldsdotter Lundevald; dei hadde 10 bonn.

Aslak Østenaa vart enkjemann og gifte seg uppatt med Hilleborg Gunleiksdotter Heggtveit, ho som fyrr hadde vori trulova med Wille. Paa Østenaa laag

au mange brev etter Hilleborg, som ho hadde fengi fraa honom. Aslak var stutthalt; han braut foten av seg paa ei uppgangssag. Han hadde desse systskini: Aase, gift med Svein Utgarden; Aaste, gift med Andres Telnes; Marte, gift med Bjørn Djuve; Dordi, gift med Hans Gunnarson Fjaagesund, Kvitseid (foreldri til Mandus og Mikkel Tveit, Aase Tjone og Dordi Teigen); Anne, gift med Olav Grjotnes (ell. Bergstaa), som var halvmaaneblaasar og veteran fraa 1814.

Andre son til Hallvor Haraldson Utgarden var Jørn Uppebøen. Ingebjørg, fysste kona hans, hadde komi fraa Kosi. Han gifte seg uppatt, etter han var mykje gamall, med Anne Godlid. Ho var syster til Kjersti Østveiten, Knut Øvland o. fl. og dotter til Olav og Gunhild Sønsttveiten. Anne er vel den beste eventyr- og sogeforteljar, som hev vori kjend i Telemarki, ja kannhende i heile Norig i si tid. Ho hadde eit minne, som var eit under for alle. Magnus B. Landstad skreiv upp mange folkevisur etter ho; ho var hjaa'n i vikuvis i prestegarden med'n var i Selgjord. Og hjaa Olea Crüger paa Hegnin var ho mykje og sa fram visur og fortalde.

Jørgen Moe var au til Anne og fekk

mange eventyr. Men det vart likevæl so altfor lite, dei rakk skrive upp etter henne, dei hadde maattja sitji i mange aar, um dei skulde fengi alt. Eingong kom Jørgen Moe til Godlid og vilde faa Anne til fortelja eventyr for seg. Men det var i slaattonni, og ho hadde mykje høy ute og hadde ikkje tid til sitja remse for honom. Daa fann Moe seg ei rive og til aa raka isaman høy aa bera inn i løda og liksom skiftearbeidde med ho soleis. Daa høye var inne, bar det til med eventyr.

Anne var so fælt ljot aa usjaaleg. Haare hennar var grovt og stridt og stod som ei hestemann fraa panna og bakyvi til nakken, og so gjekk ho stødt mest tvikrokut med ein stutt kjepp i handi.

Jørn og Anne hadde ei dotter, som heitte Ingebjørg, og ho var mor til den kjende eventyrforteljaren Olav Sondreson Tjønnstaul. Han hadde gjengi i skule hjaa bestemori og Kjersti Østtveiten.

Jørn Uppebøen likna paa dei andre Utgardskarane, stor og sterk og ei slaastkjempe. Han hadde slik reil og sleng med kroppen og armane, naar han gjekk.

Med fysste kona si hadde han mange bonn: Hallvor (Uppebøen), Aslaug (Flathus), Gunhild (Fjostuft), Svein

(Moen), Ædel (Kalvemoen) og Aaste (Dalstykke).

Kristoffer, andre sonen til Jørund Djuve, fekk Djuve i arv og budde der. Han hadde 6 bonn: Bjønn (Djuve), Gunleik (Rue), Jørn (Bjørge), Tor (Bjørge), Ingebjørg (Øvland) og Hilleborg (Nes).

Bjønn ervde Djuve og vart gift med Marte Jørnsdotter Østenaa. Han var lensmann i Selgjord fraa ikring 1780 til 1791. Tinge vart haldi paa Djuve daa. Stogo var tvihøg; nedunder var tvo store rom med ein gong imellom, og i eitt av dei var tingmøti.

Bjønn hadde ikkje noko godt ord millom folk, han var vrang og ugreid. Grannane hans var rædd'n, for han vreid og krangla um deildine stødt, og det vart ymta um, at han hadde flutt deildir au. Rolvshus heitte ein plass, som retteleg høyrde til Loftsgarden, men Bjønn fekk narra husmannen til bitala rettugheiti til Djuve i 3 aar og fekk soleis hevderett paa plassen og vreid'n til seg.

Mannen paa Nord-Rue var so rædd Bjønn, at han bytte skog med Sondre Sud-Rue, so han slapp aa deilde med Djuve.

Talleiv-stoul og Skrøyva høyrde i den

id til Djuve, og um vaaren dreiv dei kreturi uppi beite der og gjætte og so heimatt, naar dei skulde mjølkast. Men detta var tein urimeleg lang veg, og so bad Bjønn mannen paa Rue, um han fekk lov til mjølke kreturi sine paa ei fin flòt ovanfyre husi paa Rue, so han slapp drive dei radt til Djuve, og det fekk'n lov til baade det aare og aare etter. Men tridje aare sende han berre bod til Sondre Rue og bad'n møte seg burtpaa denna mjølkeflòti, for no var ho hevda og hans, meinte han, og so vilde han gjerde traa der og tala med Russmannen um gjerdingi, og han lova møte. Daa karane raakast tvo eine der paa flòti, so treiv Sondre tak i Bjønn og banka'n upp so lengi han trudde seg til, so han vart mest helsetekin, og det var berre sovidt, han krok heimatt. „Naa hev me dela jære!" sa Sondre. Sea vaaga han seg aldri til krangle med honom.

Paa hi sida av Bygdaraai innmed Russstaulen no er, der vilde au Bjønn eta seg inn paa Rue. Eingong stod der ei fæl strid. Det var um sumaren i slaatten. Tidleg um morgonen var Bjønn ute og hadde mange karar med seg og klemde so til sjuge og slaa paa ei remse, som høyrde Rue til. Dei bruka tynnsleljaa i den tidi, og so hadde dei so løgje lag med di, dei sjuga so stødt,

naar dei slo, og beit tennane saman so dei vart saartente — helst i seig og steinut slaatt. Væl Djuvskarane hadde byrja, kom Russmannen au med mange slaattekarar. Daa vart det trættur og leven og slagsmaal halve dagen.

Kristian Flatin tende paa Djuve i 4 aar; men han vilde ikkje rose tenesti. Han fortalde, at Bjønn jamvæl deila kaldgrautbitane til kvar av folki sine.

Marte, kona til Bjønn, var so rar stødt, ho var kje fullnan vitug. Eingong um vetteren i gruvelegt fælt vêr reid ho til Venaas med baansølsgraut. So spurde dei ho, um det ikkje var fælt aa koma fram i slikt vêr.

„Aa, ein fær saa mangt i nou'i sterte!“ svara ho.

Sea vart detta til ei herme i bygdi.

Stundom bad ho saman dei rikaste og gildaste kjerringane i bygdi, og naar dei so kom, so sat ho berre aa stirde paa dei og gjorde dei kje tilgode med noko slag.

„Hev de ikkje noko mæ dekkaan sjave, saa hev a visst ikkje eg noko fe dekkaan!“ sa ho.

Slike lag kalla ho „franskbesøk“.

Kaffien tok so smaatt til koma i bruk Selgjord paa den tid, men det var berre hjaa dei rikaste og gildaste kjerringane. Og naar det skulde vera regtig grumt, so kom

dei saman til kaffilag. Dessa konune vart kalla „kaffekjeringar", og det var noko stort det.

Ein paaskedag var Marte eismall heime; dei andre var i kyrkja. Daa hadde det komi varme-laust og den gamle tingstogo brann upp. Bjønnehunden til gamle Hallvor Aadalen var den fysste, som varsla um varmen. Hallvor tok daa ut og Høye Loftsgarden kom au. Men der fanst korkje stige eller vatn. Dei krabba paa take etter eit sagabord. Varmen hadde komi fraa pipa, men dei kunde inginting gjera. So sette dei paa yvi-stoga og berga og kasta ut alt, som laust var der. Men so sprang dynni i laas etter dei, og dei maatte taka ein stor kubbestol og slaa sund dynni. Dei kom ut, men haar og skjegg hadde dei svidd av seg. Daa folki kom paa heimvegen fraa kyrkja, vart dei var røyken og slo paa hestane, og reid mest dei orka, men kom forseint. Stogo var nedbrunni, og Marte sprang burtyvi ein aaker og lo mest ho orka.

Bjønn var kje mykje gamall, daa han døydde. Marte livde mange aar etter'n, men vite var radt burte daa. Signe Rue kunne minnast ho paa det siste. Um sumaren var ho jamnast innestengd i lofte. Daa sat ho nnmed handreve og smaaropa heile dagane.

„Bjønn! Bjønn!" sa ho.

Bjønn og Marte hadde 3 bonn: Kristoffer (Djuve), Margit Loftsgarden og Kari (Triset, Laardal).

Kristoffer fekk Djuve i arv. Han slo seg berre paa drykk og vanròk garden og kom i stor skuld. Men han døydde ung. Han hadde lagt seg til sova nedi gjorde, i Plomedølen, og daa fanga han sjukdomen og livde berre ei liti tid.

Kona hans heitte Jørunn og var dotter til Kjetil Kolltveit. Ho var ei fynde kjerring. Etter Kristoffer døydde, styrde ho og stelde so godt, at garden snart kom i god stand att, og ho bitala mykje paa gjeldi, som mannen hadde dregi innpaa. Nokre aar sette ho garden burt til brukings au, og daa budde ho sjølv paa Sleggjemoen, plass under Djuve. Jørunn var eit hauseting til arbeid baade ute og inne. Ho var so grusmeleg paa lage, men hadde eit godt vit og hjartelag.

Ho og Kristoffer hadde ein son, som heitte Bjønn. Han vart gift med Bergit Jørnsdotter Midbøen. Bergit fekk stor arv fraa Midbøen, men var so klenhelsa, at ho lite kunde arbeide. Jørunn var framifraa god mot sonarkona si. Naar nokon turra, at ho gjorde so lite, so svara Jørunn: „Derfe hev sme'n tèngar, saa 'n ikkje skaa brènne sine hèndar!“

Bjønn kom noko paa avveg, so 'n selde garden og reiste til Amerika. Mor hans fylgde au med. Dei busette seg i Minnesota og kalla garden sin der Djuve.

M a r g i t B j ø n n s d o t t e r D j u v e vart gift med H ø y e L o f t s g a r d e n, son til gamle Eivind Mannheim og andre kona hans, Kjersti, komi fraa Nes. Høye tende lengi paa Øvland hjaa Kjetil og Ingebjørg, som var syster til Bjønn Djuve. Han var ein høg og ramaleg kar og bruka altid den gamle bunaden: høg hatt, kvit kufte og vidbuksur. Og so var han so framifraa baanegod, Høye; alle bonni so kjende dei 'n og gledde seg, naar han kom, for uppi den høge hattekollen hadde han stødt inntulla store lange klumpar med brunt sukker, som han gav dei, kvar han raaka dei.

Margit var ei gjæv kone, og so stillfarande stødt. Dei fortel, ho stod utmed stoguveggen ein dag, og best det var, kom det ein orm dettande av take og ned paa oksli hennar. Ho vart ille ved med det same og sa, det varsla noko vondt. Og so var det au. Det var ikkje so lengi etter, fyrr ho spurde noko fælt illt, som gav ho hjartesut.

G u n l e i k, andre son til Kristoffer

Djuve, var gift til Rue i Nordbygdi (Selgjord) med dotteri der, ei som heitte G u n h i l d, syster til Kvit-Anne paa Klomset, kona til Bufar-Svein, og til Lavrans Sveinson Grave.

$^{17}/_{10}$—1797 er Gunleik Rue og Gunhild i baanedaap paa Grave og er daa fadderar; likeins $^{22}/_{8}$—1800 og $^{20}/_{10}$—1805.

Gunleik planta ein gild eplehage paa Rue. Ein stor ovgild apal, som enno stend i tune paa Sud-Rue, hev han ala upp. Dei fortel, han fann han uti Heggenes-urdine og bar 'n heim og planta 'n. Daa 'n var i brage denna apalen, bar han gode 7 tunnur eple.

Gunleik døydde kring 1838.

Gunhild livde i mange aar etter mannen sin, men ho vart so halvtullut og rar, siste aari ho livde. Um sumaren gjekk ho aa tusla eismall i skog og mark. Eingong hadde ho vingla seg ratt upp til Tjønnstaul, ei sæter høgt uppaa fjølle; der sat syster hennar, Kvit-Anne, til støyls.

„Hott æ dæ du flyg etter!“ sa Anne.

„Aa, eg tenkte, eg skulde faa ein go' mattabite av syster, naar eg kòm te 'o paa stoulen,“ svara Gunhild.

„Nei, eg æ kje før-te slikt,“ sa Anne, ho var so uvitug girug og rædd for maten

So laut syster hennar gange heimatt den lange vegen utan mat og drikke.

Gunleik og Gunhild hadde ei einaste dotter, som heitte Margit. Ho vart gift med Høye Minsgjord i Flatdal, og dei hadde 5 bonn. Høye døydde hell ung, og daa fekk Knut, eldste son deira, Minsgjord.

Sondre Skararud hadde kaupt Rue, men no tok Margit det att paa odel og busette seg der. Attaat aatte ho Natadal i Flatdal. Paa Rue kosta ho upp eit gildt stabbur, som enno stend der. Hallvor Gunnarson heitte timmermannen; han var gjetords flink til timre, hadde jamvæl vori i Engelland og gjengi i lære, fortalde dei.

Gunnarson var lauskar og heldt seg mykje paa Øvre Klomset. Der hev han sett upp baade stabbure og lødo; i løduveggen der hev han jamvæl skori inn namne sitt. Han vart trulova med den rike Russenkja, med han timra paa huse for ho um sumaren. Og Margit stetterødd'n alt som tidast med det, at han laut timre tæglegt og godt, for det var daa liksom for seg sjølv, han arbeidde, skulde han vita. Gunnarson var fegin og glad, og gjorde det best han kunde.

Men um hausten, daa bure var ferdugt, vilde ikkje Margit vita meir av tim-

mermannen sin. Ho slog uppatt med 'n, bitala han for arbeide, og so laut han reise, for no hadde ho festa seg til ein annan, Hans Skararud, son til Sondre.

Gunnarson vart ulukkeleg og syrgde hjarteleg. Daa han reiste fraa Rue, ynskte han, at Margit maatte faa likso stor sut i stabbure, som ho hadde gjevi honom. Han fortalde det sjølv sea, at han hadde lagt seg i vegen for Hans Skararud ein haustkveld og vilde gjera av med 'n; men den kvelden kom han ikkje.

Um den svikne kjærleiken sin dikta han ei vise. Her kjem nokre vers:

Min ven, kann du ei minnas' den gong, eg kom til deg
hvor dine øyne tindra av kjærlighet te meg.
Daa gav du meg dit hjarta, me knytte elskhugs baand;
men presten, o desværre, ha ei paalagt sin haand.

Min ven, kann du ei minnas', hver gong eg kom te deg,
hvor mange glædes timar eg daa hendrev mæ deg.
I nattens mulm aa taage skjønt det var frost og kuld,
dei timar dei var mange, men svan't dog hen i skjul.

Nu slutter jeg min vise aa siger alt adjø,
jeg kann ei længer skrive, min pen er bleven tør.
Min hals er tør, min sorg er stor, min ven
har mig forlatt.
Gudfader uti Himmerig han gjer meg sorgen
lett!

Det vart laga til eit stort lag paa Rue, daa Margit og Hans skulde ha brudlaup. Dei var rike folk, og daa laut det vera eit gjetords lag. Det vart bryggja 2—3 tunnur og brennt mykje brennvin, og mange folk var bedi saman. Brudlaupe stod sumaren 1848.

Daa alle folki var samla, var det ein, som brudgomen sakna so, og det var grannen Harald Klomset. Han var ein god ven av Hans og nærskyld bruri. Folk totte au, detta var rart, at ikkje Harald kom.

Etter dei hadde komi att fraa kyrkja sende Hans fleire bodir til Klomset etter Harald; men han vilde ikkje paa nokor vis, hadde reist til Bròten istaden, der var Lisbet, syster hans, gift. Sistpaa reiste brudgomen sjølv stad og fekk daa endeleg trygla 'n med seg. Daa Harald kom, var dei alt fulle, alle som i lage var, og no skjenkte dei og auste serskilt paa honom, som var so seint ute, og han drakk dugeleg. Dei tura heile notti radt til dagen, og det

gjekk etter maaten fint av seg. Gamle Olav Jonslid (Staulen) spila. Frampaa morgonsida sovna Harald, men vakna att straks utpaa dagen, og daa var 'n ør og vill.

Spilemannen sat med noko sleiveri, erta paa 'n og sa, at no kom dei kje til faa meir brennvin, for brudgomen og bruri hadde lagt seg til sova i lofte, der brennvine var, og læst dynni. Daa sinna Harald seg upp endaa verre, treiv kniven i handi og dansa baade høgt og laagt i stogo, kvelvde eit stort mjølkekjer so det fløymde yvi golve, frøste og skreik og bar seg fælt. Mange av gjestine hadde samla seg i lofte, for no var det tidi, bruri skulde skautast, og alle i lage skulde upp i lofte og faa skautedrammen. So ropa dei paa Harald, at han au skulde koma. I fullt flog og sinne kjem han farande med kniven i handi upp troppi og inn i lofte, og i det same, brudgomen rettar han ein dram, køyrer han kniven i kav i bringa hans.

„Au aa von't du stakk meg Haral'!" ropa Hans.

Bruri sprang til, tok n' i fange og heldt yvi saare; men han bad ho sleppe seg, og daa stod blodspruten høgt paa veggen.*) So seig 'n baklengjest yvi ei kiste og var død.

*) Blodspruten syner paa loftsveggen den dag i dag

Draapsmannen sansa kje, kva han hadde gjort, sprang nedatt med kniven i handi og innatt i stogo, dansa rundt golve nokre vendur og spende bjelkane, so det gauv. So reiste han heimatt og la seg til sova og vakna kje fyrr dugurdsmaal andre dagen, daa lensmann Heierdal og futen Christensen kom og vekt 'n og fortalde, kva han hadde gjort. Sjølv hugsa han inginting. Han vart sett i lensmannsarresten paa Utgarden. Maren Allmannkosi var ei liti gjente daa. Ho var i maagskap med 'n og var inne lyddest til 'n.

„Hòtt sei'e folk om meg naa daa, tuva?“ sa Harald.

„Aa, di græt aa tyss von't om deg alle menneskje,“ svara ho.

Han vart dømd til 11 aars slaveri; men so vald'n bodsfengsl, og daa vart tidi avstytt til 7 aar.

Folki hans søkte um naadegjeving for han, og daa vart det gjort so, at kona hans skulde faa raad for det. Vilde ho hava 'n heimatt til seg, skulde han sleppe fri. Detta vilde ho, og so kom han att, daa han hadde vori burte 2—3 aar.

Eivind Harthol raaka til vera i Skien, daa Harald kom der um og skulde heimatt. Daa hadde han eitt graatt og eitt svart bukselaar. Eivind tagde og stirde lengi paa 'n.

„Æ du rædd meg?“ spurde Harald.

„D'æ sikkert dæ,“ sa Eivind.

„Nei, d'æ vèl saa,“ svara hin.

Men so fortalde han, at han var kje nokon rymling, han var ettergjevin resti av straffi. Dei kom daa til fylgjast uppatt til Selgjord.

Harald var av den gamle ætti paa Nidgard-Klomset. Harald Sveinson Klomset livde kring 1750. Han hadde 2 sønir: Bufar-Svein, som fyrr er nemnd, og Olav, gift med Maren, komi fraa Nes. Dei hadde 3 born: Jørunn, gift med Leidulv Meaas, og Harald (draapsmannen) og Lisbet som fyrr er nemnde.

Dei drakk og slost og bar seg fælt paa Klomset, med Harald hadde det, fyre draape. Burti „Badehusdalen“ hadde han sett upp ei fillehytte; der laag dei og brende brennvin, og der samla dei verste heluvane seg og drakk og slost: Leidulv og Asbjørn Meaas og mange andre. Naar dei brende brennvin, var det jamnaste, dei orka kje vente, til dei hadde fengi reinska det, men drakk det raatt og vart so sjuke, dei laag paa kvittn gong paa gong. Anne Uppigard-Klomset brende au brennvin og selde til dei. Eingong laut ho ut med eitt ovgildt slavanshus i bot for brennevinssal.

H [illegible] var gi t med Kristens As-

laksdotter Meaas. Ho fortalde, at ho hadde lagt seg i „draumekake“, med ho var ung gjente, og daa drøymde ho, at ho var hjaa Harald Klomset og aat sure rognebær.

„Aa ja, di blei sure ou,“ sukka ho, daa tala um det.

Daa Harald sat i fengsel, hadde formyndarane til Kristens selt den halve luten i Klomset,*) som han aatte. og kaupt att det millomare av dei nedre Sandlandgardane i Brunkeberg. Dit flutte ho daa med bonni sine, og dit kom Harald au og skulde faa liva saman med dei. Men han var eit skarveting og ei ukjure i heimen, som han hadde vori. Det var mest ikkje raad for kone og bonn aa vera ihop med'n. So reiste han til Dagne Heggtveit, lensmannsenkja, og tende hjaa henne nokre aar. Dei hadde eit filleord paa seg dei tvo.

Kristens døydde paa Sandland, og daa reiste bonni til Amerika, og ei tid etter strauk Harald au.

Harald fortalde, at „Den vise fenta“ paa Kongsberg mange aar fyriaat hadde sagt'n, at han skulde koma i mannefall — han hadde vori inne til ho eingong, han

*) Futen Christensen hadde fyrr kaupt den andre halve luten, og no kaupt'n den aat Harald au — og slo dei saman til ein gard att.

hadde vori paa Kongsbergmarknaden. Han vilde bli naudtrygla til eit lag, og daa han klædde seg, skulde han koma til draga baae sokkane paa e i n fot, hadde ho sagt; det kunde han ha til merke. Daa han klædde seg um morgonen og skulde til brudlaupe paa Rue, so kom han til ha baae sokkane paa e i n fot; difor raaddest han so tvert av og sette seg fyre aa ikkje koma der.

Kristoffer Djuve hadde 2 sønir til: J ø r n, som fekk Bjørge og T o r, som fekk Tvingelid. Men so makaskifte dei gardar desse 2 brørane. Det hadde seg so, at Jørn kom so i skuld paa Bjørge; men Tvingelid var kje so høgt i pris. Difor fekk han so mange pengar i millomlag, at han vart sitjande skuldefri paa Tvingelid. Men han kom aldri til aa unast der.

Jørn hadde mange bonn. Av dei kann eg nemne: K r i s t o f f e r (Tvingelid); G u n n a r (To), gift med Ædel Tovsdotter To; K j e t i l (budde paa Fjostuft); B j ø n n (budde paa Tvingelid). Fleire av dei reiste til Amerika. Bjønn var so fæl til aa eta; dei kalla han jamnast Ulle-Bjønn. Eingong paa Øvland la dei yvi, at han og Eivind Nordgarden skulde kappspringe. Men fysst skulde Bjønn vera med Kjetil Øvland inn i stogo og faa seg mat. Kjetil laga til eit fullt

mjølketrog med rjomesoll, og hin smurde det i seg. Etterpaa sette han fram kjøt og spad og so mylju, og Bjønn aat so ein maatte bli rædd. So skulde karane ut og springe. Eivind sette avstad, mest han orka, og hin det same. Men det vart ikkje lang stubben, Bjønn kom, fyrr han stupa, og daa stod det spruten fraa'n baade bak og framme.

Tor, som kom til bu paa Bjørge (fødd 1755, død 1834), var gift med ei, som heitte A n l a u g. Det kom 3 systrar fraa Fyrisdal til presten Solner*) i Selgjord aa tene. Dei var so makalaus fine dessa gjentune, og ei av dei var Anlaug Bjørge.**) Tor hadde mange bonn, og ætti hans sit enno paa Bjørge-gardane.

Ei av døtrane til Kristoffer Djuve heitte H i l l e b o r g og var gift med A n d r e s Y t r e N e s i Selgjord. Andres var son til Gunleik Nes, som hadde komi fraa Verpe i Bø og var av Hønsebruane. Gunleik kaupte Nes av kaupmann Nils Simonsen for 700 riksd. Sea stemner Nils Simonsen paa

---

*) Presten Nikolai Solner var i Selgjord fraa 1801 til han døydde 1810. Han ligg ved Selgjord kyrkje; gravi hans er beint ut for songhusdynni.

**) Den andre av desse systrane heitte Tora, gift med Olav Reinstaul; den tredje var Sigrid, som vart gift med Olav Haugje.

odel og vil taka att garden (kring 1777). Det bli sak av, som gjeng alt til overhofretten og ender med, at Simonsen tapar. Gunlèik var gift med Torbjørg, syster til Høye Mannheim. Ho døydde so tvert, Torbjørg. Ein sundag, ho var til kyrkja, ho var gamall daa og Hilleborg Nes gjekk og leidde ho, seig ho død, med same ho steig paa kyrkjehella.

Attaat Andres hadde Gunleik ein son, som heitte Gutorm. Han kaupte Bringa i Manndal og budde der. Han var ein ordgjetin kjempekar. Eingong i Skien tukta han ei storkjempe, som heitte Lagjeson.

„Dei talar om goe karar, men Gutorm Bringa, dæ æ kar dæ!“ hermer dei etter honom.

Eingong reiste Gutorm eins ærend radt til Tinn og vilde prøve eit tak med Øystein Hanssen Ingolvsland, ei namnspurd kjempe. Han kom fram til Øvland, der Øystein budde.

„Hosse kokar de grauten her i Grautedal'n daa?“ spurde han; laut brjote seg med noko, veit du.

„Aa, me kokar grautin i veistaveir, o so rører me ne'i hesteræ o let Gutorm Bringa sleike tvaaro!“ svara Øystein.

Men daa var det ikkje rett lengi, fyrr karane rauk ihop, og slost paa liv og død.

Det gjekk hardt paa Gutorm; han fann visst yvimannen sin den venda.

Andres, bror til Gutorm, var dugeleg sterk han au. Han og Hilleborg hadde 2 gutar, Gunleik og Kristoffer.

Ei onnor dotter til Kristoffer Djuve var I n g e b j ø r g, som vart gift med K j e t i l H ø y e s o n Ø v l a n d 1779. Paa Øvland finst enno eit kjærleiksbrev fraa Kjetil til Ingebjørg, skrivi nyaarsdagen 1778; det er mest berre um gudelege ting,

Kjetil kaupte Øvland kring 1770. Far hans heitte Høye Eivindson og budde paa Natadal i Flatdal. Um honom segjer Wille i „Beskrivelse over Siljord“, at han „var den første og maaske bedste jordyrker i hele sognet. Han var født og opdragen medens den tykke vankundighed beherskede Thelemarken, og dog besad han en udstrakt kundskap i religion, skrev en smuk haand og var ikke ueffen i simpel poesi. At gjøre godt, understøtte de trængende og lede de vildfarende, var altid hans kjæreste forretning, i hvilket med mere han viste sig i verden som en stor menneskeven“.

Wille skriv same stad um Kjetil Øvland au og rosar honom: „Den brave, vittige og driftige rodemester“. Han var ein fyrigongsmann til arbeide fram vegine i

bygdi. „Uagted al den haanhed, de taabelige indbyggere havde paaført ham og den hinder, som mænd udenfor bondestanden, der skulde besidde bedre tænkemaade, har stræbet at lægge ham i veien, har han dog foragted alle hindringer og til det almindeliges vel faret fort med dette sit rosværdige arbeide, der stedse vil geraade ham til ære, da man med tiden vil komme til at kjøre med vogn, der man tilforn neppe kunde reise med løs hest“.

Kjetil og Ingebjørg hadde ein son, som heitte Høye (fødd 1782, død 1875). Han fekk Øvland etter far sin og vart fysst gift med ei, som heitte Gro, dotter til Eivind Sundbø i Flatdal, son til lensmannen Steinar E. Skeie. Gro døydde straks og Høye gifte seg uppatt tvo vendur. Han var ung i hugen mest all sin dag. Sogo var han glad i; etter han var mykje gamall, kunde han stande uti koven i timevis og lesa i Heimskringla utan brillur.

Daa prins Oscar var i Selgjord i 1869, tok han inn paa Lomodden hjaa Grønn. Der var stor stas daa, og hundretal med menneskje samla, som skulde bisne paa prinsen. Daa møtte gamle Høye au fram. Men nett daa var prinsefylgje inne. Høye stod kje lengi aa leipte, han strauk beint inn

til prinsen, helsa paa'n og rødde med'n ei stund paa gamall god nordmann vis, og so rusla han heimatt.

Han var valmann i mange aar og forlikskommissær, og so var han settelsmann i staden for lensmann Steinar Heggtveit.

Høye hadde tvo sønir: Kjetil (fødd 1814, død 1899), var gift med Maren Jørnsdotter Midbøen og budde paa Øvland. Han var ein dugande mann og var med i bygdestyre i mangfalduge aar.

Andre son til Høye var Eivind Nordgarden, gift med Hilleborg Gunleiksdotter Nes. Han au var sers dugande mann, og snild og hjelpsam stødt.

Som fyrr er nemnt hadde lensmann Jørund Djuve ei dotter, som heitte Jørunn. Ho vart gift med Eivind Lavransson Nes, son til Lavrans Gutormsen Midbøen og kona hans Kjersti Sørnsdotter, som hadde komi fraa Minsgjord. Lavrans var lensmann i Selgjord fraa 1729 til 1734 og døydde kring 1742. Noko etter kaupte enkja Nes av Løvenskjold.

Lavrans og Kjersti hadde tvo sønir: Gutorm, som fekk farsgarden Midbøen i 1753; Eivind, som fekk Nes i 1763.

Eivind Nes var kje so kræsen um matstelle, fortel dei. Um hausten, naar han

var matsloppin, fyrr han fekk trekst, so gjekk han paa aakeren og tok med seg 2—3 konnband under armen og strauk so burt til Flathus, der hadde han ei kvenn. So sette han bandi heile og haldne nedi kvenn-auga og mol dei til bendilen, og so heimatt med mjøle og koka graut for seg og folki sine.

Eivind hadde mange bonn: Gutorm (Nes), gift med ei gjente fraa Numedal heitte Margit; Søren (Øvland), gift med Gunhild Utgarden; Lavrans (Lomodden), han fekk Lomodden i arvelut fraa Nes; Jørn (Bakken); Tykje (Harthol); Maren gift med Olav Klomset; Kjersti (Groven) gift med Eivind Mannheim; Hilleborg, gift med Kjetil Kolltveit.

Tykje fekk Tveiten i arv. Han var gift med ei, som heitte Ingebjørg, komi fraa Blengsdalen i Flatdal. Ho var so gjet-ords fager, men døydde ung. Daa Tykje vart enkjemann, so selde han Tveiten og sat med pengane. Dette raaka nett i den tidi, daa pengane gjekk so ned. Daa vart han ein arm mann og kom seg aldri uppatt. Etter den tid budde han hjaa bror sin, Gutorm Nes, nokre aar; men seinstpaa var det bygdi, som laut føde han. Han døydde paa Ringen.

Tykje hadde ein son, som heitte Tor-

stein. Han kaupte Harthol og budde der. Kona hans heitte Anne og var komi fraa Hørte i Bø. Ho tende lengi i prestegarden hjaa provsten Caurin. Ei syster til ho heite Lisbet, gift med Olav Hallen; dei budde paa Stigarvoll.

Hilleborg vart gift med frenden sin, Kjetil Kolltveit, som fyrr er sagt, son til Gutorm Midbøen. Han kaupte Kolltveit i 1784 paa tvangsauksjon etter Gunnar Øysteinson for 1000 riksd. Men han hadde lite og inkje aa leggje i garden.

„Eg skolv under kufta, daa eg fekk teslagje paa Kolltveit“, sa'n sea.

Men det var kje so lengi, fyrr han bitala skuldi si, og seinstpaa aatte han tri gilde gardar attaat Kolltveit.

Gunnar, som aatte Kolltveit fyrr, var son til Øystein Gjelstad. Men han drakk og sumla, so han laut fraa garden og laut paa legd, baade han og kona hans, Valborg.

1737 er lensmann Christen Hanssen Paus, Svein Haugeland og Hallvor Laupedalen paa Gjelstad hjaa Øystein og skal halde ekskusjon for „velædle og velbyrdige herr. Cammer-Raad Hans Kierulf“ for 266 dalar. Øystein gav utlegg i Kolltveit, som han au aatte. Retten reiste daa dit — — „og forfandt den (garden) udi god stand af

ager og eng, skaugen næsten udhuggen. Husene derpaa bestod af en stue, som var en gammel røgstue tægdt med jord og spon, en lade med laave, et fehus til 10 klavenød, en hestestald og en stolpebode, alle gamle, dog saavidt brugelige, tægdt med endel stavedspon, og endelig var paa gaarden opbygt en liden udslit kværen at male paa til husfornødenhed“.

Kjetil og Hilleborg hadde 8 bonn: K n u t fekk Kolltveit (1830); han vart ikkje gift og døydde ung; garden gav han S ø r n, bror sin.

Sørn hadde ellest fengi Loftsgarden i Selgjord i farsarv. Han var gift med Gunlaug, dotter til Jorund J. Gjelstad. Ho var so lesp, det var mange ord, ho hadde vondt med aa segja. Dei reiste til Amerika.

L a v r a n s fekk Tytegrav i Brunkeberg. Han var gift med Gunhild, dotter til Olav Asbjønnson Fleinsborg. Det gjekk radt ut med honom, og daa kom han til ein plass under Raudberg, som heitte Olavskos, som bror hans, Eivind aatte. Lavrans og Gunhild hadde tri sønir: Olav, Kjetil og Lavrans. Kjetil kom seg godt upp og vart eigar av Raudberg etter farbror sin, Eivind, som det gjekk ut med.

Eivind fekk Raudberg i arv. Han var gift med Kari, dotter til Tov og Guro Skjerve.

Men det gjekk, som sagt, ut med'n. Dei hadde fleire bonn. Eitt av dei heitte Kjetil. Han vart gift med Aslaug Gregarsdotter Harthol og reiste med huslyden sin til Amerika.

G u t o r m fekk Sudbø i Morgedal i arv; men det gjekk ut med honom au.

K r i s t i a n var tullut.

J ø r u n n vart, som fyrr nemnt, gift med Kristoffer Bjønnson Djuve.

I n g e b j ø r g vart gift Utabjaa i Brunkeberg; den ætti stod seg godt.

G u t o r m E i v i n d s o n N e s fekk farsgarden Nes i 1787. Kona hans heitte M a r g i t O l s d o t t e r og hadde upphave sitt fraa Numedal. Foreldri hennar, Olav og Turi, flutte fraa Numedal til Kongsberg. Der kom Margit i tenest hjaa prokurator J. W. Heck. Eit bil etter flutte han til Selgjord og dreiv noko som sakførar og noko som gastgjevar og landkræmar, og Margit fylgde med. Heck budde paa Moen, grannegarden til Nes, og soleis vart ho og Gutorm kjende.

Paa Moen var i den tid ein tvihøg bygning med italiender-tak. Der var fire rom baade i fysste og andre høgdi. Garden var i lang tid frametter kalla Hekk-Moen etter Heck.

Gutorm og Margit Nes hadde mange bonn.

Eivind heitte eldste sonen (fødd 1804); han fekk Nes 1830. Daa han var ikring 18 aar gamall, reiste han til Kongsberg og skulde hente arven til mor si; det var 18 riksd. Paa heimvegen laut Per, morbror hans, fylgje han framum Jønngruva, den faarlegaste stelle paa Medheidi. Der laag det jamnan røvarar og fæle folk aa lura. Han fortalde, han raaka so mange paa heidi, som kom med store sylvklumpar og baud fram for billeg pris. Dei hadde stoli sylve i Kongsberg-gruvune. Men det var stor straff aa kaupe slikt tjuvegods, og Eivind vaaga kje kaupe noko av det. Han var fysst gift med Bergit, dotter til Bjønn Kjetilson Klomset; sea med systerdotter til fysste kona si, Guro, dotter til Kari og Anders Brekke i Morgedal.

Eivind hadde 5 gjentur, men ingin gutar, som voks upp.

Lavrans Eivindson Nes fekk, som sagt, Lomodden i arv. Han budde der eit bil, men det gjekk reint ut med'n paa slutten. Kona hans heitte Lisbet. Dei hadde tri søner: Kristian, Kristoffer og Søm.

Kristian fekk eit rudningslende un-

der Prestegaarden av provsten Caurin og rudde upp Flatin og budde der. Kona hans heitte Gunhild.

Kristoffer budde paa Vaarbulid i Nordbygdi (Selgjord) og var gift med Torbjørg, dotter til Olav Asbjønnson Fleinsborg. Dei hadde ei dotter, Lisbet, som vart gift med Leiv Sandsdalen, spilemannen.

Sørn budde paa Bringsaas. Kona hans heitte Guro. Ho var eingong hjaa skrivar Juell paa Bjørge og vaska klæde. Daa kom skrivaren etter ho til bekken og romla og var vond for noko. Men Guro vart likso vond og tok bankartree og banka paa'n med, so han laut taka foten fatt. Detta var kring 1830, og skrivaren skreiv sjølv um det i eitt av bladi, som gjekk i den tidi.

Sørn var timmermann. Sumaren 1833 skal han etter skrivin kontrakt med Olav Leivson Allmannkosi setja upp eit fjos paa plassen Haugstaul. Fjose skulde vera 7 aln langt og 8 aln breidt med rom til 4 baasar paa ei side og ein saudegarde paa hi. Bitalingi var 5 tunnur jordeple og ei halv tunne, naar arbeide var ferdugt til hausten.

Sørn hadde ei dotter, som heitte Lisbet. Ho var ugift, budde paa Bringsaas og var skreddar.

Jørn Lavranson Nes kom til Bakken i Nordbyggi (Selgjord). Han hadde fange, og so var det ein dag, han gjette kreturi nede paa Bakke-Flatine, han fekk ei rid og stupa med andlite ned i eit bekkje-sikkel. Der fann dei'n døyd; han hadde drukna. Det heittest, at „Den vise fenta“ paa Kongsberg mange aar fyreaat hadde spaatt'n, at han skulde blive.

Jørn hadde 2 sønir og 3 døttrar: Knut, Kristian, Hilleborg, Saave og Jørunn.

Knut fekk Bakken i arvelut og budde der. Han vart gift med frenden sin Jørunn Gutormsdotter Nes.

Knut var ein stor styving baade i rødur og lag, og her er mange løgne hermur og remsur etter'n. Eingong aatte han ein hest saman med Andres Meaas (Bakkane); men dei kunde ikkje semjast um'n paa nokor vis, trætte og braaka stødt. So ein dag segjer Knut, at det skal vera slutt med ugreida, og kjem med ei øks:

„Naa slær eg ihæl mi hæl'ti i hesten, saa kann du 'jera, dæ du vi' mæ di!“

Daa laut Andres gjeva godt og gjeva'n utløysing i hesten.

Eingong hadde dei ein graa saud paa Bakken, som var so urimeleg snak etter broddaakeren um vaaren; det var kje raad

for hjuringen aa faa passa'n. Knut vart harm for detta. og ein dag vilde han gjæte sjølv. Tok so byrsa og la seg attmed. Best det er, der kjem Graasaud snikjande og legg beint paa aakeren.

„Giv akt, Graasou, idag 'jæter eg sjav!" ropa Knut.

Men sauden dreiv berre paa i brodden han. Daa small det, og Graasaud laa der daud som ei sill.

Eingong var det ein fæl flaum, so Bygdaraai gjekk landfull. Paa Bakke-eigune var det ei gild bru, som høyrde garden til; men no saag det spelegt ut, at flaumen vilde taka ho. Knut og Jørunn stod jamsides aai og saag paa. Daa rykte det fælt i ho.

„Løva, løva, Joraann!" ropa Knut. Løva fire kast brou' te kjørkja, saa ikkje broi skaa reise!"

Ja, ho gjorde, som han sa. Men det braut og rykte verre og verre i brui, so ho var fljoteferdug i kvar stundi.

„Legg paa ett kast te, Joraann! Løva fort hella reiser 'o!"

Og ho so gjorde; men i det same strauk brui.

„Nei sjaa den tæva! Ho reiser a ho, likevæl!" ropa Knut daa.

K r i s t i a n, andre son til Jørn Bakken, ervde Kasland. Eivind Lavransen Nes

aatte baade Bakken og Kasland. Fyrr son hans fekk gardane, so dreiv han dei som underbruk under Nes. Dei fortel, at paa Bakken stod ein ovlæte stor askestuve, og der heldt g a r d v o r e n til, ein tussekall, som vara garden fraa ulukkur og alt vondt. Naar Nes-folki var ferduge med onni og skulde heimatt og var komi ein stubb paa vegen, laut dei altid hugse paa snu seg og sjaa attende paa stuven og helse vyrdsleg paa'n, so tussen skulde vera i godlag.

Kristian Kasland var gift med frenden sin, A s g j e r d, dotter til Eivind Mannheim og Kjersti Nes. Dei hadde tri døtrar:

S a a v e, gift med Tor Lavransson Meaas, som buade paa Myri (eller Brekkahaugen).

H i l l e b o r g, gift med Svein Hestskodike, son til Jørund Gunleiksen Heggtveit; seinstpaa budde dei Brekka.

J ø r u n n, gift med Eivind Sandland.

K j e r s t i, dotter til Eivind Lavransson Nes, vart gift med E i v i n d M a n n h e i m. Han var enkjemann og nærpaa dubbelt so gamall som Kjersti. Dei fortel, at han fór gjenom Nestune ein pinsdag saman med mange andre kyrkjefolk. Bonni paa Nes sprang og leika seg uti tune. Daa gjekk Eivind burt og strauk ei liti gjente yvi haare.

„Du skaa bli andre 'jiftane mitt du, tuva!" sa han.

Veslegjenta var Kjersti, kona hans vart.

Men Eivind og Kjersti kunde ikkje semjast. Han var no ein fæl kropp. Paa slutten livde dei kvar for seg. Han hadde skift fraa seg til sønine sine og øydelagt det, han aatte, so det vart berre fatigdomen med honom. Seinstpaa budde han eismall i ei liti stogu uppi Heiddalsmo, og der døydde han.

Kjersti ho budde paa Groven i Aasheimgrendi; ho aatte det.

Bonni deira var: Asgjerd (Kasland), Jørunn (Lid), Dordi (Sundsbarm) Kristian (Groven) og Høye (Loftsgarden).

Maren Eivindsdotter Nes, syster til Kjersti, var fyrst gift med Olav Klomset. Dei hadde ein son, Harald (draapsmannen), og tvo døtrar, Lisbet og Jørunn, som fyrr er nemnde. Olav døydde ung og Maren gifte seg uppatt med ein, som heitte Johans, komin fraa Heiddalsmo. Johans budde daa paa Klomset og aatte den luten av garden, som Harald hadde havt. Daa Maren døydde tok han utløysing og fekk ein lut av garden, Hegnine no er. Der hyste han for seg, uppi gjorde noko aust og ned for dei gamle husi paa Sud-Rue.

Men han drakk mykje, og eingong i fylli sat dei um'n, og han kom til selja Hegnine til prokurator Krogsgaard for 400 dalar. Den nye eigaren flutte husi ned, der dei no stend.

Johans vart gift att med Hilleborg, dotter til Jørund Gunleikson Heggtveit; men det gjekk heiltupp ut med'n. Seinstpaa budde han i ei liti stogu attmed vegen paa Bakke-Flatine i Nordbygdi.